



Hordaland fylkeskommune
v/ Hans Inge Gloppen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Uttale frå Hardangerrådet vedr. HFK sitt høyringssvar vedr. Regionreforma – Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.

Rådsordførar Hans Petter Thorbjørnsen, rådsvaraordførar Jostein Ljones og dagleg leiar Jostein Eitrheim har idag hatt ein gjennomgang av den PP-presentasjonen som vart oversendt etter regionrådsleiar møtet 12. mars. P.g.a. den korte tidsfristen for tilbakemelding til deg har vi ikkje hatt høve til anna enn eit kort telefonmøte om saka.

Hardangerrådet vil i rådsmøtet 26. april handsama eigen uttale til departementet med frist 9. mai 2018.

Til den oversendte presentasjonen har vi følgjande kommentarar/innspeil:

- Barnevern: Vi ser det som viktig at oppgåver innanfor barnevern vert handtert på eit lågast mogeleg nivå og vil difor sjå det som best om dette vert verande i kommunane (interkommunale samarbeid) underføresetnad at kompetanse og økonomiske rammer er tilfredsstillande.
- Klima, miljø og naturressursar: vi ser det som positivt at mynde for å fatta vedtak på dette feltet vert flytta til fylkeskommunen. Det bør etter avklaring om overførte oppgåver frå staten gjerast ein ny gjennomgang av delegasjonsreglementet i fylkeskommunen.
- Helse og levekår: Enkelte av oppgåvene innanfor dette området ivaretek behov hos ressursvake grupper. Det krev at tilboda som vert gjevne er like for heile landet og det kan stillast spørsmål om noko t.d. Statped bør vidareførast som statleg ansvar.
- Generelt: Vi ber om at HFK vurderer om nye (og eksisterande) oppgåver kan organiserast etter ein desentralisert modell der dette er hensiktsmessig. Særleg innanfor «Regional planlegging» og andre oppgåver innanfor regionalavdelinga ser vi det som naturleg at det vert vurdert desentraliserte modellar. Den føreståande perioden med reovering av fylkeskommunen sitt bygg i Bergen vil kunne vera tid for å sjå på slike modellar sidan det krevst alternative lokasjonar for kontorarbeidsplassane i fylkeskommunen.

Kinsarvik 16.03.2018

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt